




Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

# Kommunebilete - Nissedal okt. 2022

Et grunnlag til dialog mellom Nissedal kommune og  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark



# Innhold

## Innleiing

---

## Om kommunen

---

Kort om kommunen

---

Kommunal organisasjon og leiing

---

Befolkning

---

Bo- og arbeidsmarknad

---

## Statsforvaltaren sitt hovudbilete av kommunen

---

## Statsforvaltaren sitt biletet av teneste- og forvaltingsområde

---

Barnehage

---

Barnevern

---

Folkehelsearbeid

---

Grunnskole

---

Kommunal planlegging

---

Kommunal økonomi

---

Kommunehelsetjenesten

---

Landbruk

---

Miljø og klima

---

Omsorgstjenestene

---

Samfunnssikkerhet og beredskap

---

Sosialtjenesten

---

# 1. Innleiing

Eit kommunebilde attgir Statsforvalteren i Vestfold og Telemarks «bilde» og inntrykk av kommunen, både av kommunen som heilskap og av enkelttenester og forvaltingsområde.

Dei blir utarbeidde i samband med Statsforvalteren sine kommunesamtalar og dannar grunnlaget for dialogen i desse møta. Bilda kan bli justerte i etterkant av møta, basert på dialogen med kommunen.

Etter denne innleiinga, blir informasjon om geografien til den aktuelle kommunen, befolkning, bo- og arbeidsmarknad og den kommunale organisasjonen presentert i kapittel 2.

Kapitel 3 attgir Statsforvalteren sitt hovudbilde av kommunen med bakgrunn i bildet vårt av teneste- og forvaltingsområda til kommunen. Dette er mellom anna basert på analysar, statistikk, utførte tilsyn og eventuelle klagesaker. Kapittelet oppsummerer òg vurderingane våre gitt i kapittel 4 og listar tema Statsforvalteren ønsker dialog om under kommunesamtalen.

Kapittel 4 har følgjande gjennomgåande innhald og struktur i dei temavise delkapitla:

## Fokusområde

Fokusområda angir med utgangspunkt i overordna statlege forventningar og politikk, og kjennskapet vårt til kommunen, kva område som Statsforvalteren vil legge særleg vekt på i dialogen om dei enkelte teneste- og forvaltingsområda.

## Sentrale nøkkeltal

Under sentrale nøkkeltal finn ein relevant statistikk som gir eit overordna bilde av teneste- eller forvaltningsområdet set opp mot fokusområda eller området som heilskap. Med mindre anna er oppgitt er nøkkeltala henta frå SSB.

## Samla vurdering av området

Den samla vurderinga av området attgir Statsforvalterens inntrykk av teneste- eller forvaltningsområdet for kommunen som organisasjon, herunder:

- Vesentleg informasjon for heilskapsbildet
- Styrke og moglegheiter
- Svakheter, utfordringar og sårbarheit
- Framtidsperspektivet – utfordringsbildet og handlingsrom

Det er nytta trafikklys for å visualisere Statsforvalteren sitt inntrykk av teneste- eller forvaltningsområdet som heilskap. Trafikklysa attgir vurderinga vår med tanke på kvalitet, sårbarheit og berekraft per dags dato, og i kva grad det er indikasjonar på avvik eller risiko for avvik frå det som blir forventa i lov, forskrift og god fagleg praksis. Vurderinga blir attgitt med fargane raud, gul og grøn for høvesvis svak, middels eller god. Saman med trafikklyset blir det gitt ein kort tekstlig oppsummering og grunngiving.

Vurderingane er baserte på tilgjengelege data per 01.10.2022.


## Sentrale tema

Sentrale tema er konkrete forhold som det vil vere særleg aktuelt å følgje opp i den sektorvisa dialogen mellom kommunen og Statsforvalteren eller i kommunen sitt eige utviklingsarbeid.

Det er ikkje lagt opp til omfattande dialog om dei enkelte oppfølgingspunktene i kapittel 4 under Statsforvalterens kommunesamtale.

## 2. Om kommunen

### 2.1 Kort om kommunen



Kommunevåpenet består av tre raude nisseluer. Kommunestyret vedtok dette våpenet i 1992. I saksutgreiinga står det at "Nisseluenene er morosame, klåra og harmoniske. Alle kan sjå, og skjøne kva motivet er, og vil snart sette motivet i samanheng med kommunenamnet. Er det ikkje det som er meininga? Me har vel og rike segnetradisjonar, alt opp til vår tid, som fortel at her bur nissen. Kanskje er dusken litt for stor og tung? Den minner meir om eit kiloslodd på krambua".

Nissedal er ein kommune i Vestfold og Telemark fylke, frå grensa mot Agder nordover på begge sider av Nisser, som er Telemarks største innsjø med eit areal på 76 kvadratkilometer. Kommunen grensar mot Fyresdal i vest, Kviteeid i nord og Drangedal i aust, medan Åmli, Vegårshei og Gjerstad utgjer nabokommunane i Agder.

Nissedal fekk kommunestatus i 1838, då kommunen vart skild ut frå Kviteeid.

Hovudtyngda av busetjinga finst langs austsida av Nisser, med tettstaden og administrasjonssenteret Tveitsund (Treungen) heilt i sør og Kyrkjebygda og Nordbygda lengre nord.

Næringslivet i kommunen er variert. Jordbruksarealet omfattar 3 570 dekar (2013). Så godt som heile arealet blir nytta til eng, slått og beite, særleg for sau. I 2015 var skogavvirkninga på 30 513 kubikkmeter. Av dette utgjorde furu 23 584 kubikkmeter, gran 6 668 kubikkmeter og lauv 261 kubikkmeter. Dessutan er pelsdyroppdrett viktig. Nissedal har lite industri; viktigast er trevareindustri og dessutan dyrefôrproduksjon.

Turismen er ei næring i vekst. Særleg har kommunen satsa på hytteturisme. I 2022 var det 2430 hytter i kommunen, ein auke på 67 prosent sidan 2006.

Nissedal er ein mellomstor kraftkommune, med ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 572 gigawattimar (GWh) per 2016. Det er 11 kraftverk i kommunen, og største fallhøgd er 80 meter. Kraftverka med høgast snittproduksjon er Dynjanfoss kraftverk (i drift frå 1951), Høgefoss kraftverk (frå 1919) og Fjone kraftverk (frå 1970).

Kjelder: Heimesidene til kommunen og Nilsen, Jan Erik; Lundbo, Sten: Nissedal i Store norske leksikon på snl.no.

### 2.2 Kommunal organisasjon og leiing

Ordførar	Halvor Homme (Ap)	Varaordførar	Kristine Sandall (H)
Politisk organisering	Formannskap og to utval	Kommunestyresamsetning	Arbeidarpartiet: 7 Senterpartiet: 6 Høyre: 2 Kristeleg Folkeparti: 2
Valdeltaking	Kommunevalet 2019: 74,6 prosent	Kommunedirektør	Sverre Sæter
Interkommunale samarbeid	..		

## 2.3 Befolking

Ved inngangen til 2022 var det registrert 1 414 innbyggjarar i kommunen, ein nedgang på 16 innbyggjarar sidan førre årsskifte. Dette inkluderer ein netto utflytting på 12 personar, medan kommunen opplevde eit «fødselsunderskot» på 4. Dei siste fem åra er folketalet redusert med 62.

Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre utgjer 11,5 prosent av innbyggjarane i kommunen.

SSB si befolkningsframskrivning frå 2022 viser ei forventa folkemengde på 1 428 i 2030 og 1 418 i 2050. Forsørgarbrøken for eldre (talet over 64 år relativt til talet 20-64 år) var ved inngangen av 2022 på 0,48 og er forventa å auka til 0,57 i 2030 og vidare til 0,81 i 2050. Tilsvarande tal for landet er høvesvis 0,31; 0,36 og 0,50.

Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Innbyggere (antall)</b>	1489.0	5425270.0
Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Fødte i løpet av året (antall)</b>	10	56060.0
Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Netto innflytting (antall)</b>	11	19650.0
Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Andel med innvanderbakgrunn (prosent)</b>	11.9	18.9
Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Andel enslige forsørgere med stønad fra folketrygden (prosent)</b>	-	0.7
Kjelde: SSB	Nissedal	I heile landet
<b>Andel uføretrygda 18-66 år (prosent)</b>	11.5	10.2

## 2.4 Bo- og arbeidsmarknad

Nissedal utgjer, etter Transportøkonomisk institutt si inndeling, ein eigen bo- og arbeidsmarknadsregion.

Ved inngången til fjerde kvartal 2021 var det 697 sysselsette personar busett i kommunen. 219 av desse pendla ut av kommunen. Av desse igjen pendla 32 til Åmli, 26 til Oslo og 24 til Kviteseid. Det var 173 personar som pendla inn i kommunen. 33 av desse pendla frå Drangedal, medan 28 pendla frå Åmli.

Sysselsette i privat sektor og offentlege foretak utgjorde 56 prosent av sysselsette med arbeidsstad i kommunen i 2021. Landsgjennomsnittet var 68 prosent.

26 prosent av kommunen sine innbyggjarar over 16 år har utdanning utover videregående skole. Ytterlegare 43 prosent av fullført videregående skole, medan 28 prosent har utdanning på grunnskolenivå. I tillegg har fire prosent fagskoleutdanning.

### 3. Statsforvaltaren sitt hovudbilete av kommunen

#### 3.1 Samla områdevurdering



Svake område	1
Samfunnssikkerhet og beredskap	
Middels område	5
Barnehage	Kommunal økonomi
Folkehelsearbeid	Miljø og klima
Kommunal planlegging	
Gode område	6
Barnevern	Landbruk
Grunnskole	Omsorgstjenestene
Kommunehelsetjenesten	Sosialtjenesten
Ikke vurderte områder	0

Det er ingen område som har nok informasjon til å vurdere.

#### 3.2 Samla vurdering av kommunen

## Vesentlig informasjon

Kommunen sine utgiftskorrigerte inntekter per innbyggjar, inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/hjemfallsinntekter og fordel av differensiert arbeidsgivaravgift, var 22,3 prosent høgare enn landsgjennomsnittet i 2021. Kraftinntektene er ein viktig årsak til dette.

Beredskapsmessig synest kommunen å vere utan større naturbasert eller verksemdbasert risiko. Det er likevel mykje som kan hende, så dette må ikkje bli ei sovepute, og grunnberedskapen må vere på plass.

Nissedal er ein kommune med relativt lågt utbyggingspress. Men eit aukande tal fritidsbustader med høg standard krev auka kapasitet på renseanlegget. Nissedal samarbeider med Drangedal kommune om drift av felles avløpsanlegg for Gautefallheia. Søknad om nytt renseanlegg på Langmoen er under handsaming hos Statsforvaltaren.



Nissedal har 178 elevar, fordelt på to kommunale grunnskolar. Kommunen har fire kommunale barnehagar. Det er 62 barn som går i dei fire barnehagane. 47 av disse barna har fulltidsplass.

Kommunen er ein del av eit interkommunalt barnevernssamarbeid i Vest-Telemark. Dei samarbeider òg med fleire andre kommunar om helse- og omsorgstenestene, og er tilknytta legevakt i Arendal. Kommunane i Vest-Telemark har etablert eit interkommunalt samarbeid om NAV Vest-Telemark.

Grovfør er den største produksjonen i landbruket. I tillegg er det produksjon av ammeku, geiter og sau. Jordbruket i Nissedal kommune utgjorde 0,2 prosent av førstehandsverdien til jordbruket i fylket i 2020. Det er totalt 265 landbrukseigedommar og 23 som søker produksjonstilskot.

## Styrker og muligheter

Høge inntekter per innbyggjar styrkar moglegheten for å oppnå ein god driftsøkonomisk balanse.



Ny beredskapskoordinator med betre rom i arbeidskvardagen til denne oppgåva, samt aktiv oppfølgjing frå Statsforvaltaren i tida frametter, bør gi gode resultat.

Begge skolane i kommunen oppfyller lærarnorma. Kommunen jobbar godt med kompetanseordningane desentralisert ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. På barnehageområdet er kommunen med i Regional ordning for kompetanseutviklinga.

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark inngår i læringsnettverk saman med Nome og Midt-Telemark, Notodden og Hjartdal og Tinn barnevernstenester. Læringsnettverket, Forpliktande samarbeid, vart etablerte som ei førebuing til barneversreforma. Nettverket har som hovudmål å styrke fosterheimarbeidet og hindra utilsikta flyttingar.

Kommunen ser ut til å ha god dekning når det gjeld fastlegar og tilstrekkeleg kapasitet når det gjeld plassar i institusjon. Kommunen samarbeider om ein interkommunal psykologteneste med Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Tokke.

Ved å vere ein del av eit interkommunalt samarbeid om dei sosiale tenestane i NAV får kommunen tilgjenge til økt kompetanse, og dei blir mindre sårbare.

Nissedal har mye ukjent og viktig naturmangfold. Det finst truleg eit høgt tal slåttemyrar og areal med gamal furuskog, og einskilde areal med edellauvskog, som ikkje er fanga opp av tidlegare kartlegging. Det kan òg vere naturtypar i innmark knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet (til dømes ugjødsla beite- og slåttemarker) som heller ikkje er fanga opp så langt.

## Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Netto driftsresultat var 3,8 prosent i 2021, i eit år der skatteinntektene på landsbasis blei høgare enn forventa. Driftsresultata for dei tre føregåande åra var negative. Driftsbalansen svært er sårbar for uforutsette utgifter.

Forankringa av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har vore ei utfordring over tid, og det må jobbast godt med dette gjennom føringer i planverk og haldnings-, motivasjons- og kompetansehevingsarbeid.

Kommunen nyttar det interkommunale Vest-Telemark PPT. Statsforvaltaren sitt tilsyn i 2021 avdekte saksbehandlingsbrot på sakkunnearbeidet. Tilsynet er endå ikkje avslutta.

Kommune har ikkje organisert oppgåvene den har som barnehagemyndigkeit åtskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, jf. barnehagelova §11. Nissedal kommune innfrir ikkje pedagognorma.



Nissedal er ein liten kommune med avgrensa ressursar til å utvikle eit tiltaksapparat tilpassa formålet med barnevernsreforma. Det er òg ei utfordring for barnevernssamarbeidet å forhalde seg til seks ulike kommunar med ulik økonomi og tiltakskjede.

I følgje Kostra ser det ut til at kommunen har noko knapt med årsverk som kan jobbe med rehabilitering, behandling og førebyggande arbeid, herunder folkehelsearbeid. Kommunen er òg sårbar med tanke på kompetanse innan omsorgstenestene.

Stor avstand fra Nissedal til NAV-hovudkontoret i Tokke kan vere ei utfordring, både for tilgjenge til tenestane og for tilgjenge til aktivitetar i Kvalifiseringsprogrammet.

Kunnskap om naturmangfaldet i Nissedal er avgrensa. Kartfesta miljøverdiar (Hb 13, NiN, MiS) tilsvarer 14,7 km<sup>2</sup> av totalarealet i kommunen, bare 1,62 % av arealet i kommunen. Manglende kunnskap er utfordrande når kommunen skal drive arealplanlegging eller handsame byggesaker.

## Framtidsperspektivet

Det er planlagd negative netto driftsresultater i 2022 og 2023, før det snur til svak positiv balanse i 2024 og 2025. Det er viktig at kommunen følgjer endringar i befolkning, demografi og rammevilkår nøyne for å kunne setje i verk nødvendige tiltak i tide, og såleis oppnå berekraft i driftsøkonomien.



Ei fortsatt auke i folkesetnaden i brei forstand gjennom ytterlegare utbygging av fritidsbustader, kombinert med eit stabilt lågt innbyggjartal kan gjere det endå vanskelegare å levere gode tenester ved kriser og katastrofer, ei utfordring Nissedal deler med mange "hyttekommunar".

Frå 2021 er det lovkrav at alle tilsette skal jobbe med det psykososiale barnehagemiljøet (nytt kap. VIII i barnehagelova). Her har kommunen både ansvar til å rettleie den enkelte barnehageeigaren, men også handsame klager og føre tilsyn med den enkelte barnehageeigaren.

Kommunen må planlegge for auka kompetansekrav i barnevernstenesta frå og med 2031.

Kommunen må kontinuerleg jobbe med å sikre kompetanse på helse- og omsorgsfeltet.

Ei viktig målsetting med utviklingsprosjekter som kommunen har motteke og mottek tilskot til, er å bidra til nytenkning og utvikling av nye arbeidsmetodar i NAV-kontoret. NAV-kontoret bør implementere kunnskap, erfaringar og metoder i alle kommunane i Vest-Telemark.

I åra framover blir folkehelsearbeidet viktig, ikkje berre for å gje befolkninga best muleg helse, men også som verktøy for livsmeistring og ein god overgang til voksenlivet for ungdommen. Sunn aktivitet på gode sosiale arenaer er viktig for mange formål.

Kommunen blir oppfordra til å ta hyppigare kontakt med Statsforvaltaren for bistand og samarbeid innafor naturkartlegging.

## 3.3 Dialogtema

## Kommunen sin rolle som samfunnsutviklar

- 1** Korleis vil kommunen sikre at det blir laga ein førebyggande plan for omsorgssvikt jf. barnevernslova § 3-1?
- 2** Korleis vil kommunen jobba for å styrke kunnskapen om naturmangfaldet i Nissedal?

## Styring og forvaltning av kommunen

- 1** Kva vil kommunen gjere for å organisere oppgåvene den har som barnehagemyndigkeit åtskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar?
- 2** Oppfølgjing av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen har vore mangefull i fleire år. Nå har kommunen kome i gang med lukking av avvik frå beredskapstilsyn og å setje beredskap på dagsorden. Korleis tenkjer kommunen at de vil sikre at dette arbeidet ikkje stoppar opp igjen?

## Kommunen sin rolle som tenesteytar

- 1** Korleis vil kommune møte utfordringane knytt til demografi?
- 2** Kva vil kommunen gjere for å innfri pedagognorma?

## 4. Statsforvaltaren sitt bilet av teneste- og forvaltingsområde

### 4.1 Barnehage

#### Middels

Statsforvalteren vurderer ut frå foreliggende opplysningar og kjennskap til området moderat fare for svikt.

Bakgrunnen for dette er blant anna at:

- kommune har ikkje organisert oppgåvane den har som barnehagemyndigkeit åtskilt frå oppgåvane den har som barnehageeigar, jf. barnehagelova §11.
- kommunen har sidan 2018 ikkje oppfylt pedagognorma i dei to minste barnehagane.
- Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med kommunen i 2021. Tilsynet er ikkje lukka enno.

#### 4.1.1 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB <b>Andel barn 1-5 år i barnehage , i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)</b>	2019 88,2	2020 92,6	I heile landet 92,7
Kjelde: Udir <b>Oppfyller pedagognormen (andel)</b>	2019 40	2020 75	I heile landet 68,8
<b>Variabler</b> Eierform: Alle Eierformer      Eierform: Alle Eierformer			
Kjelde: Udir <b>Oppfyller pedagognormen med disp (antall)</b>	2020 1	2021 0	I heile landet 1 129
<b>Variabler</b> Eierform: Alle Eierformer			

## 4.1.2 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon



Nissedal kommune har 4 kommunale barnehagar. Det er 62 barn som går i de 4 barnehagane. 47 av disse barna har fulltidsplass.

Det er 3 barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen.

Nissedal kommune innfører ikke pedagognorma.



### Styrker og muligheter

Nissedal kommune er med i Regional ordning for kompetanseutviklinga.



### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Nissedal kommune har ikke organisert oppgåvene den har som barnehagemyndighet åtskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar, jf. barnehagelova §11.

Nissedal kommune innfører ikke pedagognorma.

Det ble gjennomført tilsyn med kommunen i 2021. Tilsynet er ikke lukka enno.



### Framtidsperspektivet

Frå 2021 er det lovkrav at alle tilsette skal jobba med det psykososiale barnehagemiljøet (nytt kap. VIII i barnehagelova). Her har kommunen både ansvar til å rettleia den enkelte barnehageeigaren, men også behandle klager og føra tilsyn med den enkelte barnehageeigaren.

Nissedal kommune må rettleie og sjå til barnehageeigaranes arbeid med det psykososiale barnehagemiljøet.

## 4.1.3 Sentrale temaer

- 1 Nissedal kommune må organisere oppgåvene den har som barnehagemyndighet åtskilt frå oppgåvene den har som barnehageeigar når dette er eigna til å ivareta tilliten til kommunens upartiskheit som barnehagemyndighet.
- 2 Nissedal kommune må innfri pedagognorma.
- 3 Nissedal kommune må rettleie og sjå til barnehageeigaranes arbeid med det psykososiale barnehagemiljøet (nytt kap. VIII i barnehagelova).

## 4.1 Barnevern

### God

Statsforvalteren vurderer ut frå dei foreliggende opplysningane og anna kjennskap til tenesta, at det pr i dag ikkje er bekymring for alvorleg svikt i barnevernstenesta.

### 4.1.1 Fokusområde

**Barnevernstenesta må sikre dokumentasjon av forsvarlege barneverfaglige og juridiske vurderingar.**

**Barnevernstenesta må følgje opp føringar gitt EMD-dommar og Høyesterettsavgjerder.**

**Barnevernstenesta må sikre implementering av ny barnevernslov som er gjeldande frå 1. januar 2023.**

**Kommunen skal utarbeide ein plan for å forebygge omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar hos barn og unge.**

**Kommunen må sikre eit samordna tenestetilbod.**

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB

**Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)**

2020

6

2021

3,9

I heile landet

4,3

Kjelde: SSB

**Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)**

2020

6

2021

4,6

I heile landet

4,4

Kjelde: SSB

**Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)**

2020

100

2021

100

I heile landet

92

Kjelde: SSB

**Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)**

2019

3

2020

3,9

I heile landet

0

Kjelde: Bufdir

**Barn i fosterhjem som ikke har fått oppfølging i tråd med lovkrav (andel)**

2019

0

2020

0

I heile landet

0

Kjelde: SSB

**Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)**

2020

7 666

2021

8 187

I heile landet

8 433

#### 4.1.3 Samla vurdering av område

##### Vesentlig informasjon



Nissedal er ein del av eit interkommunalt samarbeid, Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. Barnevernssamarbeidet består av kommunen Fyresdal, Vinje, Seljord, Tokke, Nissedal, Kviteseid. Kviteseid har vertskommuneansvaret.

##### Styrker og muligheter

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark inngår i læringsnettverk saman med Nome og Midt-Telemark, Notodden og Hjartdal og Tinn barnevernstester. Læringsnettverket, Forpliktande samarbeid, vart etablerte som ei førebuing til barnevernsreforma. Nettverket har som hovudmål å styrka fosterheimarbeidet og hindra utilsikta flyttingar. Samarbeidet har ført til- etablering av eit ressursteam. Vidare deltar òg samarbeidet i utprøving av grunnmodell for hjelpetiltak.



Kravet til oppfølging av fosterbarn er oppfylt første halvår 2022.

Som eit resultat av læringsnettverket har barnevernsleiarane i Aust, Midt og Vest Telemark fått eit styrkt samarbeid.

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark har ei stabil leiing.

Det er etablert eit felles SLT forum på tvers av alle kommunar tilhøyrande barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark.

##### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



Nissedal er ein liten kommune med avgrensa ressursar til å utvikle eit tiltaksapparat tilpassa formålet med barnevernsreforma. Det er òg ei utfordring for barnevernssamarbeidet å forhalde seg til seks ulike kommunar med ulik økonomi og tiltakskjede.

##### Framtidsperspektivet



Kommunen må planlegge for auka kompetansekrav i barnevernstesta frå og med 2031.

Kommunen skal ha ein plan for det førebyggande arbeidet, herunder avklaring av rolla til barnevernet utover å vareta kjerneoppgåvene.

#### 4.1.4 Sentrale temaer

- 1 Kommunen må sikre at det blir laga ein førebyggande plan for omsorgssvikt jf. barnevernslova § 3-1.
- 2 Kommunen må gjennomføre nødvendige tiltak for å møte krava i barnevernsreforma.
- 3 Barnevernstesta må sikre kompetanse og kapasitet til å utføre dei nye oppgåvene på fosterheimområdet og tiltaksutvikling.

## 4.1 Folkehelsearbeid

### Middels

Vi har kommentert både kommunen sitt 1) arbeid med folkehelse og nokre utvalde 2) indikatorar på helsetilstand.

Nissedal har få innbyggjarar. Statistikk synar store variasjonar fra år til år, avhengig av forskjellar hos små grupper av enkeltpersonar. Statistikken blir mest representativ ved å rekne gjennomsnitt og følgje utvikling over fleire år i kommunen. Utvalgte indikatorar (nøkkeltal) er kommentert nedanfor under "samla vurdering".

I planstrategien 2019-23 har kommunestyret i Nissedal vedteke å lage ein folkehelseplan. Kommunen har ein folkehelsekoordinator, ei tverrsektoriell arbeidsgruppe, samt starta arbeidet med å lage eit oversyndokument og ein folkehelseplan. Målet er å bli ferdig sumaren 2023.

### 4.1.1 Fokusområde

**Fokuset til kommunen på folkehelse skal speglast i all planleggjring.**

**Kommunen skal arbeide aktivt med å redusere sosiale forskjellar i helse.**

**Psykisk helse og førebyggjande rusarbeid skal vere inkludert som ein likeverdig del i folkehelsearbeidet.**

**Satsing på førebyggjande tilbod med fokus på deltaking, aktivitet og meistring.**

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: KHS

**Antibiotika foreskrevet og utlevert per 1 000 innbygger 0-79 år**

2019

235

2020

217

I heile landet

263

Kjelde: KHS

**Overvekt og fedme , selvrapportert ved sesjon 1**

2017-2020

33

2018-2021

37

I heile landet

22

**Variabler**

Kjønn: Kjønn Samlet

Kjelde: KHS

**Andel ungdom fornøyd med helsa (%)**

I heile landet

70

## 4.1.3 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon

Nissedal har få innbyggjarar. Det betyr at statistikk vil syne store variasjonar fra år til år, avhengig av forskjellar hos små grupper av personar.

Når det gjeld antibiotika forskreve og utlevert for aldersgruppa 0-79 år er talet markert lavere enn landsgjennomsnittet for 2017-2020. Talet som syner antibiotikapraksis kan vere representativt og samanliknbart med andre kommunar, då det målast over lengjer tid og inkluderar ei relativt stor gruppe.



Sjølvrapportert overvekt og fedme ved sesjon 1 syner store variasjonar over tid (2015-2021). Tendensen er ei auke i vekt, men talet personar ved sesjon 1 er ei lita gruppe innbyggjarar.

42 elevar ved ungdomsskulen i Nissedal tok del i undersøkinga "Ung i Vestfold og Telemark 2021". 90% av elevane svara at "dei er nøgde med helsa". Svara for fylket syner at gutter (74%) er jamt over meir nøgde med helsa enn jenter (59%), - gjennomsnitt er 65%. Jenter i 8. og 9.klasse har ein negativ utvikling i fylket.

---

### Styrker og muligheter



I følgje FHI sin folkehelseprofil 2022 er det nokre område som skil seg ut positivt: - få personar med psykiske symptom/lidingar 0-79 år, få med muskel- og skjelettplagar, god valgdeltaking og relativt få barn som har einslege forsørgjarar.

---

### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



I følgje FHI sin folkehelseprofil 2022 er det nokre område som skil seg ut med utfordringer; - overvekt og fedme (17-åringar), røyking kvinner og antall med vidaregåande eller høgare utdanning.

---

### Framtidsperspektivet



I planstrategien 2019-23 har kommunestyret i Nissedal vedteke å lage ein folkehelseplan. Kommunen har ein folkehelsekoordinator, laga ei arbeidsgruppe, samt starta arbeidet med å skrive eit oversiktssdokument og ein folkehelseplan.

I åra framover blir folkehelsearbeidet viktig, ikkje berre for å gje befolkninga best muleg helse, men også som verktøy for livsmeistring og ein god overgang til voksenlivet for ungdommen. Sunn aktivitet på gode sosiale arenaer er viktig for mange formål.

---

## 4.1 Grunnskule

God

Statsforvalteren vurderer ut frå dei foreliggende opplysningane og øvrig kjennskap til området, at det per i dag ikkje er bekymring for svikt på grunnskoleområdet.

### 4.1.1 Fokusområde

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Barn og unge som har behov for det, får hjelpe tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt.

Dei tilsettes i kunnskapssektoren har høg kompetanse.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB

Gjenomsnittlig grunnskolepoeng (antall)

2020

40,4

2021

48,7

I heile landet

43,2

Kjelde: Udir

Motivasjon, Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, læringsmiljø

2020-21

4,1

2021-22

3,4

I heile landet

3,6

Variabler

Årstrinn: 7 Årstrinn

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Kjelde: Udir

Motivasjon, Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, læringsmiljø

2020-21

3,5

2021-22

3,4

I heile landet

3,4

Variabler

Eierform: Alle Eierformer

Kjønn: Begge Kjønn

Årstrinn: 10 Årstrinn

Kjelde: Udir

Støtte fra lærerne, Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, læringsmiljø

2020-21

4,7

2021-22

4,1

I heile landet

4,3

Variabler

Eierform: Alle Eierformer

Kjønn: Begge Kjønn

Årstrinn: 7 Årstrinn

Kjelde: Udir

Støtte fra lærerne, Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, læringsmiljø

2020-21

4,3

2021-22

4

I heile landet

4

Variabler

Eierform: Alle Eierformer

Årstrinn: 10 Årstrinn

Kjønn: Begge Kjønn

Kjelde: Udir

Mobbing på skolen (prosent), Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, mobbing

2020-21

0

I heile landet

7,9

Variabler

Kjønn: Begge Kjønn

Årstrinn: 7 Årstrinn

Eierform: Alle Eierformer

Kjelde: Udir

### Mobbing på skolen (prosent), Elevundersøkelsen 7. og 10. trinn, mobbing

2020-21

0

2021-22

0

I heile landet

5,7

Variabler

Årstrinn: 10 Årstrinn

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Kjelde: KHS

### Gjennomføring i videregående opplæring etter foreldrenes utdanningsnivå

I heile landet

57

Variabler

Foreldrenesutdanningsniva: Grunnskole

Kjelde: SSB

### Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)

2020

8,5

2021

10,7

I heile landet

7,8

Kjelde: Udir

### Mestringsnivå 1, Nasjonale prøver 5. trinn

2018-19

26,3

I heile landet

22,9

Variabler

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Prøve: Lesing

Årstrinn: 5 Årstrinn

Kjelde: Udir

### Mestringsnivå 1, Nasjonale prøver 8. og 9. trinn

I heile landet

9,8

Variabler

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Prøve: Lesing

Årstrinn: 8 Årstrinn

Kjelde: Udir

### Mestringsnivå 1, Nasjonale prøver 5. trinn

I heile landet

23,3

Variabler

Årstrinn: 5 Årstrinn

Prøve: Regning

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Kjelde: Udir

### Mestringsnivå 1, Nasjonale prøver 8. og 9. trinn

I heile landet

8,3

Variabler

Kjønn: Begge Kjønn

Eierform: Alle Eierformer

Prøve: Regning

Årstrinn: 8 Årstrinn

## 4.1.3 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon



Nissedal kommune har 178 elevar, fordelt på to kommunale grunnskolar. Over 10 prosent av elevane mottar spesialundervisning. Over 63 prosent av elevane som mottar spesialundervisning er gutter.

Kommunen i deltar i desentralisert ordning for kompetanseutvikling gjennom kommunenettverket Vest-Telemark.

### Styrker og muligheter



Kommunen jobbar godt med kompetanseordningane desentralisert ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Statsforvaltaren har ikkje mottatt nokon saker om det psykososiale skolemiljøet til elevane dei to siste åra.

Begge skolane i kommunen oppfyller lærarnorma.

### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



Kommunen nyttar det interkommunale Vest-Telemark PPT. Statsforvaltarens tilsyn i 2021 avdekte saksbehandlingsbrot på sakkunnearbeidet. Tilsynet er endå ikkje avslutta.

Liten oppvekstadministrasjon i kommunen.



### Framtidsperspektivet

Kommunen bør fortsetje å satse på kompetanseordningane desentralisert ordning og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, og sjå på moglegheita for å sjå desse i samanheng.

## 4.1 Kommunal planlegging

### Middels

Kommunen har felles plankontor med Kviteseid. Det gir eit fagmiljø som kan følgje opp planbehovet. Både planstrategi, samfunnsdel og arealdel er oppdatert. Kommunedelplanar for utbyggingsområde er av litt eldre dato, men det gjenspeglar at det er ein kommune med relativt lite press.

Det er få vedtatte reguleringsplanar i perioden 2016-2020. Uvisst kva som er årsaka, mogleg det kan vere manglende KOSTRA-rapportering.

Kommunen har satsing på hyttebygging, og har eit aukande tal hytter. Likevel er antal fritidsbygningar pr km<sup>2</sup> relativt lågt i forhold til ein del andre kommunar. Vidare utbygging av hytteområde med høg standard er avhengig av utbygging av kapasitet på avløpsanlegg.

Villreinområda Våmur-Roan er ein viktig naturkvalitet i Nissedal, både i eit regionalt og nasjonalt perspektiv, og må varetakast i planlegginga.

Det er utarbeidd felles klimaplan for Vest-Telemark, som har formål å vere utgangspunkt for kommunevise planar. Planstrategien til Nissedal seier det vil vere aktuelt å revidere klimaplanen i inneverande periode.

### 4.1.1 Fokusområde

Nissedal kommune bør starta arbeidet med ny klima- og energiplan, i tråd med planstrategien til kommunen.

Kommunen bør auka kapasiteten på renseanlegget før det blir bygt fleire fritidsbustader som skal knytast til vass- og avløpssystemet.

Kartlegginga av naturmangfald i Nissedal er avgrensa. Det krev ekstra merksemad i arealplanlegginga og arealdisponeringen.

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB	2020 2 016	2021 2 021	I heile landet 2 020
Kjelde: SSB	2020 2 020	2021 2 020	I heile landet 2 016
Kjelde: SSB	2020 2 014	2021 2 021	I heile landet 2 014
Kjelde: Manuell			I heile landet 0
Kjelde: SSB	2020 0	2021 0	I heile landet 31
Kjelde: SSB	2019 0	2020 0	I heile landet 1 321

Kjelde: SSB

**Andel av innvilgte byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)**

2019

12

2020

11

I heile landet

17

Kjelde: SSB

**Antall fritidsbygninger**

2021

2 347

2022

2 430

I heile landet

445 513

Kjelde: SSB

**Antall fritidsbygninger per km<sup>2</sup>**

2021

2,99

2022

3,09

I heile landet

1,47

Kjelde: Manuell

**Klagesaker etter plan- og bygningsloven**

2020

2

2021

4

I heile landet

0

I 2021 behandla Statsforvaltaren totalt 4 klagesaker etter plan- og bygningslova. Av dei var 2 klagar på byggesaker. Her blei 1 sak heldt ved lag og 1 blei oppheva/gjort om. Dei 2 andre sakene var klager på reguleringsplanar, og begge blei heldt ved lag.

#### 4.1.3 Samla vurdering av område

##### Vesentlig informasjon



Nissedal er ein kommune med relativt lågt utbyggingspress. Men eit aukande tal fritidsbustader med høg standard krev auka kapasitet på renseanlegget.



##### Styrker og muligheter



##### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Nissedal har svak kartlegging av naturmangfald. Kartfesta miljøverdiar (Hb 13, NiN, Mis) tilsvarer 14,7 km<sup>2</sup> av totalarealet i kommunen. Dette tilsvarer 1,62 % av arealet i kommunen. Manglande kunnskap aukar risikoen for tap av viktig naturmangfald når kommunen driv arealplanlegging eller behandler byggesaker.



##### Framtidsperspektivet

## 4.1 Kommunal økonomi

### Middels

Nissedal har betydelege utgiftskorrigerte frie inntekter per innbyggar, samanlikna med landsgjennomsnittet. Trass i dette har driftsresultata variert mykje dei siste åra. Med svært få innbyggjarar er kommunen sårbar for utgifter som varierer fra år til år.

Kommunen har låg gjeldsgrad, men nivået på disposisjonsfondet er lågare enn kva ein kunne forvente for ein høginntektskommune.

### 4.1.1 Fokusområde

**Økonomisk berekraft:** Tilpasse driftsutgiftene til inntektene for å sikre det økonomiske handlingsrommet - og dermed finansering av tenestene i framtida.

**Økonomistyring:** Utvikle økonomiplanen som beslutningsgrunnlag for kommunestyret, ikke minst med tanke på utfordringene knyttet til demografi.

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: Manuell	2020	2021	I heile landet
<b>Utgiftskorrigerte frie inntekter</b>	121,5	122,3	0
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>	-2,8	3,8	4,3
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>	21,3	22,9	44,2
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>	2,7	4	13,4
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)</b>	22,3	20	19,1
Kjelde: Manuell	2022		I heile landet
<b>Økonomisk handlingsrom i planperioden</b>	-0,2		0

## 4.1.3 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon

Kommunen sine utgiftskorrigerte inntekter per innbyggar, inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/hjemfallsinntekter og fordel av differensiert arbeidsgivaravgift, var 22,3 prosent høgare enn landsgjennomsnittet i 2021. Kraftinntektene er ein viktig årsak til dette.



Nissedal kommune har eigedomsskatt på alle type eigedom. Det er budsjettert med at dei samla eigedomsskatteinntektene er 2022 blir om lag 13 mill. kroner. Eigedomsskatt på kraftverk utgjer 5,3 mill. kr. av dette.

Kommunen har aldri vore registrert i ROBEK.

### Styrker og muligheter



Høge inntekter per innbyggar styrkar mogleheten for å oppnå ein god driftsbalanse.

Gjeldsnivået er monaleg lågare enn i mange andre kommunar.



### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Netto driftsresultat var 3,8 prosent i 2021, i eit år der skatteinntektene på landsbasis blei høgare enn forventa. Driftsresultata for dei tre føregåande åra var negative. Driftsbalansen er svært sårbar for uforutsette utgifter.



### Framtidsperspektivet

SSB framskriv at talet på innbyggjarar framover i Nissedal vil vere relativt stabilt. Men samansetninga av befolkninga endrar seg. Forsørgarbrøken for eldre (talet over 64 år relativt til talet 20-64 år) var ved inngangen av 2022 på 0,48 og er forventa å auka til 0,57 i 2030 og vidare til 0,81 i 2050. Tilsvarande tal for landet er høvesvis 0,31; 0,36 og 0,50. Forsørgarbrøken i Nissedal er altså allereie i år (0,48) omrent på nivå med det som er framskrive på landsnivå i 2050 (0,50).

Det er planlagd negative netto driftsresultater i 2022 og 2023, før det snur til svak positiv balanse i 2024 og 2025. Dette er ein svært knapp balanse, spesielt med tanke på at disposisjonsfondet ikkje er så stort.

Det er viktig at kommunen følgjer endringar i befolkning, demografi og rammevilkår nøyne for å kunne setje i verk nødvendige tiltak i tide, og såleis oppnå berekraft i driftsøkonomien.

## 4.1.4 Sentrale temaer

1 Kva vil kommunen gjere for å oppnå god økonomisk berekraft?

2 Korleis vil kommunen møte utfordringane knytt til demografi?

## 4.1 Kommunehelsetenesta

### God

Talet på årsverk med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid ligg over landsgjennomsnittet. Kommunen ser ikke ut til å ha utfordringar med fastlegedekning eller dekning av institusjonsplassar. Kommunen samarbeider med andre kommunar om communal psykologteneste som har barn og unge (0-20 år) som fokusområde.

Kommunen ser ikke ut til å ha etablert frisklivssentral, og fysioterapitenesta er sårbar med berre to personar til å dekke heile breidda av førebyggande og kurativt arbeid.

### 4.1.1 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB <b>Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)</b>	2020 32	2021 36,1	I heile landet 8,5
Kjelde: SSB <b>Andel pasienter på liste uten lege (prosent)</b>	2020 0	2021 0	I heile landet 2,6
Kjelde: SSB <b>Antall kommuner med egen frisklivssentral (ja=1, nei=0)</b>	2020 1	2021 0	I heile landet 224
Kjelde: SSB <b>Ergoterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (khelse+omsorg) (årsverk)</b>	2020 8,4	2021 8,5	I heile landet 4,8
Kjelde: Manuell <b>Legetime per uke per beboer i sykehjem (timer)</b>			I heile landet 0
Kjelde: Manuell <b>Avtalte fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)</b>	2022 9,9		I heile landet 9,7
Kjelde: Manuell <b>Antall legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)</b>	2022 19,1		I heile landet 12,1
Kjelde: Manuell <b>Årsverk psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg)</b>	2022 21,2		I heile landet 4,9

## 4.1.2 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon



Nissedal er ein liten kommune som samarbeider med fleire andre kommunar om helsetenestene. Kommunen er tilknytta legevakt i Arendal.

### Styrker og muligheter



Kommunen ser ut til å ha god dekning når det gjeld fastlegar og tilstrekkeleg kapasitet når det gjeld plassar i institusjon.

Kommunen samarbeider om ein interkommunal psykologteneste med Fyresdal, Kviteseid, Seljord og Tokke. Funksjonen vart oppretta i 2019, med barn og unge (0-23 år) som fokusområde.

### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



I følge Kostra ser det ut til at kommunen har noko knapt med årsverk som kan jobbe med rehabilitering, behandling og førebyggande arbeid, herunder folkehelsearbeid.

### Framtidsperspektivet



## 4.1 Landbruk

### God

Inntrykket vårt er at kommunen har eit fungerande landbrukskontor i samarbeid med Kvitseid. To tilsette, ein for skogbruk og ein for jordbruk.

Grovfør er den største produksjonen og blir dyrka på heile arealet. I tillegg er det produksjon av ammeku, geiter og sau. Jordbruket i Nissedal kommune utgjorde 0,2 prosent av førstehandsverdien til jordbruket i fylket i 2020.

Det er totalt 265 landbrukseigedommar og 23 som søker produksjonstilskot.

### 4.1.1 Fokusområde

**Forvalting av statlege tilskotsordningar innanfor jordbruk og skogbruk, og kontroll av ordningane.**

**Lovforvalting på landbruksområdet.**

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Landbrukseiendommer (antall)</b>	270	265	180 087
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Jordbruksbedrifter (antall)</b>	23	23	38 164
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Produktivt skogareal (dekar)</b>	322 692	322 374	69 922 932
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Omdisponering av dyrka jord til andre formål enn landbruk (dekar)</b>	2,5	2	4 801,4
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Jordbruksareal i drift (dekar)</b>	3 280	3 384	9 854 914

#### 4.1.3 Samla vurdering av område

##### Vesentlig informasjon



Grovfør er den største produksjonen og blir dyrka på heile arealet. I tillegg er det produksjon av ammeku, geiter og sau. Jordbruket i Nissedal kommune utgjorde 0,2 prosent av førstehandsverdien til jordbruket i fylket i 2020.

Det er totalt 265 landbrukseigedommar og 23 som søker produksjonstilskot.



##### Styrker og muligheter



##### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



##### Framtidsperspektivet

## 4.1 Miljø og klima

### Middels

Nissedal samarbeider med Drangedal kommune om drift av felles avløpsanlegg for Gautefallheia. Søknad om nytt renseanlegg på Langmoen er under behandling hos Statsforvalteren. Det er positivt at Nissedal kommune samarbeider med andre kommunar i dette prosjektet.

Generelt er kunnskapsgrunnlaget om viktige miljøverdiar i kommunen mangefull, utanom leveområda til villreinen. Villreinområda vest i kommunen (Våmur-Roan) er ein viktig naturkvalitet i Nissedal i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Vidare har nye undersøkingar synt at det kan vere mange myrareal i Nissedal som kan definerast som den utvalte naturtypen slåttemyr. Tiltak mot framande artar bør prioriterast i område med trua naturtypar, i naturtypar som er viktige for trua artar og nær verneområde.

Statsforvaltaren har lite informasjon om pågående arbeid innanfor naturmangfald. Kommunen henvender seg sjeldan for bistand, søker ikkje om middel e.a. Det kan vera på grunn av avgrensa kapasitet i kommunen.

Nisser har ein sannsynleg bestand av storørret, som er ei forvaltingsmessig viktig form for ørret. Dette må hensyntas i arealplanar og infrastrukturprosjekt, spesielt gytebekker /-elvar.

Innanfor Nissedal kommune er vasskvaliteten generelt god. Særleg i enkelte skog- og fjellområde sør aust i kommunen medfører framleis forsuring at den økologiske tilstanden ligg i klasse 'moderat' - som ikkje tilfredsstiller miljømålet til vassforskrifta (minst god). Det blir kalka aktivt for å vareta høstbare bestandar av ørret. Naturtilstanden er rett nok på veg tilbake, og ein må forventa ein redusert aktivitet på dette området i kommande år.

### 4.1.1 Fokusområde

**Nissedal kommune bør arbeide for å styrka kunnskapsgrunnlaget innanfor naturmangfald.**

**Kommunen bør prioritere tiltak mot framande artar i område med trua naturtypar, i naturtypar som er viktige for trua artar og nær verneområde.**

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB	2019 34,3	2020 32,1	I heile landet 41,1
Kjelde: SSB	2017 70,2	I heile landet 86	
Kjelde: SSB		I heile landet 0,77	
Kjelde: Manuell		I heile landet 0	
Kjelde: Manuell		I heile landet 0	

**Andel levert til materialgjenvinning inkl. biologisk behandling (prosent)**

**Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (prosent)**

**Andel fornyet kommunalt spillvannsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)**

**Kunnskapsgrunnlag naturmangfold**

**Spesielle naturverdier**

Kjelde: Manuell

I heile landet

0

## Verneområdeforvaltning

Kjelde: Manuell

I heile landet

0

## Fremmede arter

Kjelde: Manuell

I heile landet

0

## Vannforvaltning

### 4.1.3 Samla vurdering av område

#### Vesentlig informasjon



Nissedal samarbeider med Drangedal kommune om drift av felles avløpsanlegg for Gautefallheia. Søknad om nytt renseanlegg på Langmoen er under behandling hos Statsforvaltaren.



#### Styrker og muligheter

Nissedal har mye ukjent og viktig naturmangfold. Det finst truleg eit høgt tal slåttemyrar og areal med gammal furuskog, og ein skilde areal med edellauvskog, som ikkje er fanga opp av tidlegare kartlegging. Det kan også vere naturtypar i innmark knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet (til dømes ugjødsla beite- og slåttemarker) som heller ikkje er fanga opp så langt.



#### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Kunnskap om naturmangfaldet i Nissedal er avgrensa. Kartfesta miljøverdiar (Hb 13, NiN, Mis) tilsvarer 14,7 km<sup>2</sup> av totalarealet i kommunen, berre 1,62 % av arealet i kommunen.

Manglende kunnskap aukar risikoen for tap av viktig naturmangfald.



#### Framtidsperspektivet

## 4.1 Omsorgstenestene

God

Vi har ikke informasjon som skulle bety at omsorgstenesta ikkje er god.

### 4.1.1 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB <b>Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)</b>	2020 17,3	2021 14,5	I heile landet 11
Kjelde: SSB <b>Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)</b>	2020 82,3	2021 85,3	I heile landet 77,8
Kjelde: SSB <b>Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)</b>	2020 12,6	2021 9,9	I heile landet 9,6
Kjelde: SSB <b>Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)</b>	2020 34,3	2021 40,3	I heile landet 32,4
Kjelde: SSB <b>Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)</b>	2020 65	2021 45,5	I heile landet 51,3
Kjelde: SSB <b>Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)</b>	2020 0	2021 0	I heile landet 0,68
Kjelde: SSB <b>Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)</b>	2020 535,3	2021 500,5	I heile landet 307

## 4.1.2 Samla vurdering av område



### Vesentlig informasjon

---



#### Styrker og muligheter

Velfungerende, godt etablert interkommunalt samarbeid på fleire område.

---



#### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Ein liten kommune er sårbar med tanke på kompetanse.

---



#### Framtidsperspektivet

Utfordringar knytt til demografi. Må kontinuerleg jobbe med å sikre kompetanse på helse- og omsorgsfeltet.

---

## 4.1 Samfunnstryggleik og beredskap

### Svak

Kommunen har med unntak av eit par store skogbrannar ikkje opplevd større beredskapshendingar dei siste åra, og det samla risikobiletet for natur- og verksemdbasert risiko er ganske gunstig. Kommunen var den siste i fylket til å få påvist koronasmitte under pandemien.

Kommunen har over fleire år hatt ei manglande oppfølgjing av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, noko som er dokumentert gjennom eigenvurderingar (den årlege Beredskapstrappa) og gjennom beredskapstilsyn.

Etter tilsynet i 2020 har kommunen etter kvart omfordelt oppgåva som beredskapskoordinator og er i gang med å følgje opp tilsynsfunna, men det tek litt lang tid. Utover den overordna beredskapen så har tilsyna vist utfordringar i dei to sektorane me har sett fokus på, helse som del av samordna tilsyn og oppvekst for verifikasjon av vertikalt fokus i det generelle beredskapsarbeidet.

Kommunen ser ut til å kunne trenge ekstra oppfølgjing for å få god framdrift i beredskapsarbeidet.

### 4.1.1 Fokusområde

Lukking av avvik frå tilsynet i 2020

Etablering av system som sikrar politisk og administrativ oppfølgjing av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap (årshjul/plan for samfunnstryggleik og beredskap)

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: Manuell

**Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Helhetlig og systematisk samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeid**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Kommunalt beredskapsråd**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Beredskapsplan**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Øvelser**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Opplæring**

I heile landet

0

Kjelde: Manuell

**Evaluering etter øvelser og uønskede hendelser**

I heile landet

0

## 4.1.3 Samla vurdering av område

### Vesentlig informasjon



Risikobiletet for kommunen er ganske godt, utan større naturbasert eller verksemdbasert risiko. Det er likevel mykje som kan hende, så dette må ikkje bli ei sovepute, og grunnberedskapen må vere på plass. Å få naudsynte dokument på plass og endre vurderinga som er gjort er ei handterbar oppgåve, utfordringa ligg i den å følgje opp og vedlikehalde dokumentasjon og kompetanse.



### Styrker og muligheter

Ny beredskapskoordinator med betre rom i arbeidskvardagen til denne oppgåva, samt aktiv oppfølging frå Statsforvaltaren i tida frametter bør gi gode resultat.



### Svakheter, utfordringer og sårbarhet

Forankringa av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap har vore ei utfordring over tid, og det må jobbast godt med dette gjennom føringar i planverk og haldnings-, motivasjons- og kompetansehevingsarbeid.



### Framtidsperspektivet

Ei fortsatt auke i folkesetnaden i brei forstand gjennom ytterlegare utbyggjing av fritidsbustader, kombinert med eit stabilt lågt innbyggjartal kan gjere det endå vanskelegare å levere gode tenester ved kriser og katastrofer, ei utfordring Nissedal deler med mange "hyttekommunar".

## 4.1.4 Sentrale temaer

Oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kommunen har vore mangelfull i fleire år. Nå har kommunen kome i gang med lukking av avvik frå beredskapstilsyn og å setje beredskap på dagsorden. Korleis tenkjer kommunen at de vil sikre at dette arbeidet ikkje stoppar opp igjen?

## 4.1 Sosialtenesta

### God

Statsforvalteren vurderer ut frå dei opplysningsane som ligg føre og anna kjennskap til tenesta, at det per i dag ikkje er bekymring for alvorleg svikt i dei sosiale tenestane i NAV.

### 4.1.1 Fokusområde

Kommunen må sørge for tilgjenge til dei sosiale tenestane i NAV.

Kommunen må gjere ei konkret og individuell vurdering av hjelpebehov, stønadsbetøp og stønadsform, ved utmåling av økonomisk stønad.

Kommunen bør vere merksam på utsette familiar. Barnas serlege behov må vurderast og ivaretakas i alle fasar av samshandsaminga når tenestetilbodet gjeld dei.

### 4.1.2 Sentrale nøkkeltal

Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Sosialhjelpsmottakere (antall)</b>	38	29	124 697
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)</b>	7	9	22 092
Kjelde: SSB	2020	2021	I heile landet
<b>Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)</b>	40	33	63 475
Kjelde: Datavarehus	2020	2021	I heile landet
<b>Andel barn i familier som mottok sosialhjelp i prosent av innbyggere 0-18 år (prosent)</b>	2,8	2,33	1,17
Kjelde: SSB	2018	2019	I heile landet
<b>Antall menn i kvalifiseringsprogram (antall)</b>	0	0	4 497
Kjelde: SSB	2019	2021	I heile landet
<b>Antall kvinner i kvalifiseringsprogram (antall)</b>	0	0	5 630

#### 4.1.3 Samla vurdering av område

##### Vesentlig informasjon

Kommunane i Vest-Telemark har etablert eit interkommunalt samarbeid om NAV Vest-Telemark. Tokke er vertskommune og hovudkontoret ligg på Dalen.



Vi fekk ikkje klagesaker frå kommunen i 2021, og så langt i år har vi handsama to saker. Kommunen har få deltagarar i Kvalifiseringsprogrammet.

NAV Vest-Telemark har fått tilskot til utvikling av dei sosiale tenestane i NAV til prosjektet "Økonomisk sjølvstende". Tiltaket vil ha fokus på førebyggjande arbeid. I tillegg mottek dei tilskotsmidlar til prosjektet "Sterk nok tilknytning til arbeidslivet".

##### Styrker og muligheter



Ved å vere ein del av eit interkommunalt samarbeid om dei sosiale tenestane i NAV får kommunen tilgjenge til økt kompetanse, og dei blir mindre sårbare.

Ved trøng for akutt hjelpe har kommunen oppgjeve eit eige telefonnummer på si heimeside som brukarane kan ringe. Det er også oppgjeve direktenummer til tilsette ved NAV-kontoret slik at brukarar kan oppnå rask kontakt med NAV-kontoret.

##### Svakheter, utfordringer og sårbarhet



Stor avstand fra Nissedal til hovudkontoret i Tokke kan vere ei utfordring, både for tilgjenge til tenestane og for tilgjenge til aktivitetar i Kvalifiseringsprogrammet.

Heimesida til kommunen har ikkje opplysningar om dei ulike tenestane i NAV-kontoret.

Hovudkontoret i Tokke er kun ope for drop-in kvar måndag og torsdag mellom kl 10.00 og 14.00. Kontoret i Nissedal er berre ope for avtalte møter.

Kommunen har få deltagarar i Kvalifiseringsprogrammet.



##### Framtidsperspektivet

Ei viktig målsetting med utviklingsprosjekter som kommunen har motteke og mottek tilskot til, er å bidra til nytenkning og utvikling av nye arbeidsmetodar i NAV-kontoret. NAV-kontoret bør implementere kunnskap, erfaringar og metoder i alle kommunane i Vest-Telemark.

Kommunen må sørge for at deira innbyggjarar får forsvarlege og tilgjengelege tenestar frå NAV Vest-Telemark.

Alle som fyller vilkåra for deltaking i Kvalifiseringsprogrammet skal få tilbod om program.

#### 4.1.4 Sentrale temaer

1

Korleis vil kommunen sørge for tilgjenge til dei sosiale tenestane i NAV-kontoret?